

VÅGÅ FJELLSTYRE

MØTEBOK

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
313	Knut Øyjordet	12.02.20	5/20
313	Knut Øyjordet	17.04.20	8/20

SØKNAD OM KJØP AV AREAL TIL M.A. TOMT FOR NYTT FJØS – EVA VISTEKLEIVEN*Saksdokument:*

E-post fra Statskog av 22.01.20 til fjellstyret, og med vedlegg. Kart/flyfoto over området er kopiert opp og vedlagt saka.

Saksutgreiing:

Eva Vistekleiven har søkt Statskog om kjøp av tomt til m.a. nytt fjøs. Ho skriv følgjande i søknaden:

Det vises til telefonsamtale i dag ad. ønske om kjøp av tilleggsareal i samband med at vi skal bygge nytt mjølkekufjøs på garden vår. Vi er eiere av Sollid, 113/1, og har kommet til at den beste byggetomta hos oss ligger innved feste 833. Det hadde vært svært gunstig å kunne benytte noe av dette festet til tomta for fjøset, da terreng og hensyn til adkomst vil bli best mulig da.

Festet 833 er pr. i dag under behandling for nyutvising da den forrige rettighetshaver har sagt fra seg dette arealet. Vi var i posisjon til å overta dette, i og med at Vågå fjellstyre innstilte oss til å overta festet. Imidlertid har Landbruksdirektoratet i sin klagebehandling sendt saken tilbake til Vågå fjellstyre til ny behandling. Da vi ikke vet hvor lang tid en ny runde vil ta, og vi har håp om å komme i gang med bygging av nytt fjøs våren/sommeren 2020, vil vi nå søke om at vi kan få kjøpe deler av festearealet til fjøstomt. Den delen av festearealet vi er interessert i, er i dag udyrket og benyttes dels til lagerplass for rundballer hos oss (etter avtale med forrige rettighetshaver) og dels er det utmark. Det er ikke aktuelt å dyrke dette arealet for noen pga. bratt helling opp til det som i dag er dyrka. Arealet vi er interessert i er inntegnet på vedlagt kart.

Vi har også et festeareal inntil dette arealet og vår eiendom. Dette har festenummer 831. Dette er tomteareal for redskapshus (halve redskapshuset er på feste og resten på vår eiendom. Vi ønsker også å kunne få kjøpe dette da det vil være ryddig å eie grunnen vi har bygninger på. Arealet vil også være en del av bruksarealet til det nye fjøset i samband med kjøring og lagringsplass for utstyr og føring.

Vurdering:

I § 13 i fjellova står det m.a. at statsallmenningsgrunn til vanleg ikkje kan avhendast. Allmenningsgrunn som er dyrka eller skal brukast som gardsbruk eller som tilleggsjord til gardsbruk kan likevel avhendast. I særlege tilfelle kan grunn til byggjetomter avhendast.

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyrrene.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--

Fordi det er strenge reglar i fjellova for sal av grunn, er spørsmål om kjøp uvanleg. I Synsliområdet er det fleire fastbuande, og med private eigedomar, både for areal der bygningar står og for dyrka mark. Arealet på feste 831, som i følgje kartet må vera mellom 1-2 dekar (i seterregisteret 1 dekar), er naturleg å innlemme som ein del av det private området. Det skulle heller ikkje vera konfliktsfullt å «ta bort» det omsøkte området på bortimot 3 dekar av arealet på festenr. 833. Dette arealet er ikkje dyrka i dag, og det er for bratt til å kunne bli dyrka. Dersom Statskog gjev løyve til kjøp av dette arealet, så må fjellstyret ta omsyn til dette i utvising av denne parsellen, som førre festar har sagt frå seg, og som det nå pågår ein utvisingsprosess på.

Innstilling til vedtak:

I søknad frå Eva Vistekleiven om kjøp av areal i nærleiken av gardsbruket i Synstlie, så kan ikkje fjellstyret sjå at det kjem i konflikt med dei interessene som fjellstyret skal ivareta. Fjellstyret har forståels for ønske om kjøp, ikkje minst i planane om å byggje nytt fjøs og fordi eit uthus står både på privat grunn og festetomt. Fjellstyret tilrår difor at Vistekleiven får kjøpe det omsøkte arealet.

Fjellstyret er inne i ein prosess med utvising av feste 833, som er ein ledig dyrkingsparsell. Dersom Statskog godkjenner sal av det aktuelle arealet på feste 833, så vil fjellstyret ta omsyn til dette i samband med utvising av parsellen.

Vedtak:

Samrøystes: Behandling av søknaden frå Eva Vistekleiven om kjøp av areal i nærleiken av gardsbruket i Synstlie blir utsett til neste møte. Dette fordi fjellstyret ønsker ei synfaring i området før ein tek stilling til søknaden.

Ny behandling i møte 17.04.20, etter synfaring.

Vedtak:

Samrøystes: I søknad frå Eva Vistekleiven om kjøp av areal i nærleiken av gardsbruket i Synstlie, så kan ikkje fjellstyret sjå at det kjem i konflikt med dei interessene som fjellstyret skal ivareta. Fjellstyret har forståels for ønske om kjøp, ikkje minst i planane om å byggje nytt fjøs og fordi eit uthus står både på privat grunn og festetomt. Fjellstyret tilrår difor at Vistekleiven får kjøpe det omsøkte arealet, men det må vera under føresetnad av at det blir bygd fjøs på det aktuelle arealet slik som opplyst i søknaden og på synfaringa.

Fjellstyret er inne i ein prosess med utvising av feste 833, som er ein ledig dyrkingsparsell. Dersom Statskog godkjenner sal av det aktuelle arealet på feste 833, så vil fjellstyret ta omsyn til dette i samband med utvising av parsellen.

Rett utskrift. Går til:

Statskog

Kopi til:

Eva Vistekleiven

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no